



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 27.05.2015  
Vår ref.: 2015/5048-2  
Saksbehandlar: hanespe  
Dykkar ref.: «REF»

## Invitasjon til Dialogkonferansen for idrett og friluftsliv 2015

Dialogkonferansen er ein årleg møtestad for kommunar og fylkeskommunen der målet er fagleg oppdatering, nettverksbygging, motivering og inspirasjon til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet. Andre regionale samarbeidspartnarar blir inviterte ut frå innhaldet i programmet.

I år ønskjer vi å ta dykk med til København. I programmet vil de finne både dei tradisjonelle årlege oppdateringane, spennande synfaringar og trivlege sosiale møtestadar for dei gode samtalanene og erfaringsutvekslingane.

Eigendel kr 3.000,- for ein person pr kommune/organisasjon. Dette dekker fly, hotellovernatting, frukost, lunsj og middag. Alt av drikkevarer og eige forbruk ordnar og betaler kvar enkelt.

Ved fleire enn ein person vert eigendel kr 5 000,- for dei neste personane. Vi har 40 plassar, første prioritet er ein person frå kvar kommune/organisasjon.

Avreise onsdag 2. september frå Flesland kl 0955 – frammøte kl 0815. Vi er heime igjen på Flesland fredag 4. september kl 1740.

**Påmeldingsfrist er 1. juli. Send epost til [bjorg.larsen@hfk.no](mailto:bjorg.larsen@hfk.no)**

**Velkomen!**

Britt Karen Spjeld  
Fylkesidrettssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Program Dialogkonferansen 2015 (med atterhald om endring)